

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr.3 2018/2019 Årgang 45

KULTURETTERMIDDAG

Vik skule og barnehage ønskjer velkommen til
kulturettermiddag på Bygdahuset

TYSDAG 09.04.2019

Tema : Vikebygd før og nå

- FAU sel lapskaus og pølser i litlesalen



- 7. klasse sel kaffi og kaker

PROGRAM:

15.30-17.30: Kafê. Sal av lapskaus, pølser, kaffi og kaker.

16.30: Me opnar dørene til storsalen. Utstilling og konkurransen «Kjenner du Vikebygd?», laga av elevane på skulen.

18.00 – ca. 19.40:

- Underholdning av elevane på skulen
- Svar på konkurransen "Kjenner du Vikebygd?"
- Intervju med **Birge Nagel-Alne**
- Lokalkonsert med: **Tina, Caroline, Lene, Lina, Sunniva, Cathrine, Sandra, Helge og Arne.**



Alle velkommen !

TEMA «Vikebygd før og nå»

Frå 4.mars til 9. april har heile skulen «Vikebygd før og nå» som tema. Det er stor aktivitet i alle klasserom og elevane blir godt kjende med bygda si både før og nå. Anita Øvregard har vore på skulen i 2 dagar og elevane har fått prøvd å karda og spinna. Mellomtrinnet fekk også laga flatbrød.

Elles har klassane hatt besøk av Signe Alice Birkeland og Randi Tjoflot som har fortalt frå gamle dagar. Elevane har og vore rundt i bygda t.d. til kraftverket, kyrkja, Årvik gamle skule og til kolerakyrkjegarden på Dommarsnes.



Info om kulturettermiddagen

Ettermiddagen er eit samarbeid mellom FAU og skulen og er ei avslutning på tema om «Vikebygd før og nå».

- FAU sel lapskaus og pølser i litlesalen
- Elevbedrifta i 7. klasse sel kaffi og kaker



Elevane møter på bygdauset seinast kl.17.30, og er der til arrangementet er slutt ca. kl. 19.40.



Me håpar alle elevane får vise utstillingane til føresette, besteforeldre osv. Me håpar og på at alle elevane er med på konkurransen "Kjenner du Vikebygd", helst saman med nokre vaksne. Underhaldninga startar presis kl.18.00. Kvelden vert rekna som skuletid.

iPad for alle elevane

Alle elevane har nå eigen iPad som dei brukar både heime og på skulen. iPad er eit godt og nyttig verktøy, men det gir og nye utfordringar. Det finst mykje på internett som elevane ikkje skal og bør gå inn på. Me håpar difor dokker foreldre vil sjekka loggen på iPadane til elevane med jamne mellomrom. Oppskrift på korleis me gjer dette ligg som vedlegg til kontakten.

Skidag og samedag

I februar hadde heile skulen flott skidag på Fjellstøl. Det var stor innsats i løypene. Første del av dagen gjekk alle på ski. På slutten av dagen fekk dei som ville renna i akebakken. Elles var Friluftsrådet med oss i 2 heile dagar i februar. Alle elevane fekk då vera med på samedag med mange ulike aktivitetar.

Skidag på Fjellstøl



Samedag ved lavvoen



Kalender våren 2019

04/03	Felles tema: «Vikebygd før og no» 04/03 – 09/04
18/03	Kartleggingsprøvar for 1. – 4. klasse. Gjennomføring 18/03 – 12/04
04/04	HPV-vaksine 2. dose for jenter 7. klasse. DKS « RISS grafikkverkstad» for 7. trinn.
09/04	Kulturettermiddag på bygdahuset.

12/04	Påskegudsteneste i kyrkja kl. 10.00. Alle velkommen!
15/04-22.04	Påskeferie
30/04	5.-7. klasse reiser til Vikinggarden på Avaldsnes
01/05	Elevfri
07/05	Innskriving av nye elever. Innskrivingsfest. Astroshow på Skjold Arena for 3.-7. klasse kl. 12.45-13.45. Elevane er tilbake ca. kl. 14.15.
09/05	Bluedot kjem til Vik skule. Dei har felles kjemishow for alle elevane og fargerik kjemi klassevis.
15/05	Fellessamling og øving til å gå i 17.-mai tog kl. 10.00
17/05	Elevfri
21/05	5. klasse reiser på tur saman med 5. klassane i Skjold og Vats. Dei besøker Oljemuseet i Stavanger og Vitenfabrikken i Sandnes.
29/05	Fellessamling i MUNA kl.11.30. Ansvar 1. – 2. klasse.
30/05	Kristi Himmelfartsdag
31/05	Elevfri
10/06	2. Pinsedag
14/06	Halvårsvurderingar for elevane blir lagt ut i Visma.
19/06	Orienteringsdag. Skulen sluttar og SFO starter kl. 10.45
20/06	Siste skuledag. Natursti, grilling og fellessamling med «Takk for oss» frå 7. klasse.

Telefonnr. og e-post

Rektor	53 65 57 30/ 92241257	Arbeidsrom (lærer)	53 65 57 33
SFO	53 65 57 35	Barnehage	53 65 57 39
Merkantil (ty + to)	53 65 57 32		

anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no

anni.hetland@vindafjord.kommune.no